

På lag med  
**framtida.**  
Volda Venstre



**VENSTRE**



# Hallvard Bjørneset

Ordfører kandidat

**Eg gler meg til å gjere ein innsats for lokalsamfunnet vårt i samarbeidets ånd, der vi tek vare på kvarandre**

Eg har god ballast til å ta fatt på denne oppgåva etter eit langt yrkesliv innan bank og finans, som tidlegare mangeårig politiskar, og som aktiv i kulturlivet..

Volda er ein god kommune å bu og virke i. Det florerer av frivillige organisasjonar som er der for oss, til hjelp og til glede. Det krevst eldsjeler for å halde i gang alt dette, og desse skal ha vår støtte.

Vi må først skape noko før vi har noko å fordele. Difor er viktig at politiskarar legg til rette for eit rikt og mangfaldig næringsliv.

For at Volda framleis skal vere ein god kommune, må vi få på plass ny idrettshall, nytt kulturhus, ny ungdomsskule og ny symjehall.

Lovpålagde oppgåver som skule, helse, pleie og omsorg må alltid kome først. Det er viktig at vi styrer økonomien slik at dei som treng tenestene kan kjenne seg trygge og ivaretekne av samfunnet..

Eg vart med i Venstre fordi vi vil gje fridom til den enkelte, samtidig som vi skal ta vare på fellesskapet og miljøet. Denne grunnhaldninga vil eg ta med meg i arbeidet mitt for alle innbyggjarar i nye Volda kommune!

**Hallvard Bjørneset**

Venstre sin ordførarkandidat

## Attraktive Nye Volda

I fellesskap med Hornindal og Bjørke skal Nye Volda vere ein av dei fremste skule- og kulturkommunane i landet. Vi skal fremje eit rikt og variert næringsliv der det må bli enklare å starte si eiga bedrift.

### Vi vil:

- ✓ at Voldaskulen skal ha nok ressursar til å vere i landstoppen.
- ✓ bygge nytt kulturhus med folkebibliotek i tilknytning til den nye ungdomsskulen.
- ✓ at Volda og Hornindal skal utvikle sentrumsområda med gode møteplassar, bustadmiljø og estetiske kvalitetar.
- ✓ at Voldatunellen skal realiserast, ny fylkesveg 60 Hornindal-Hellesylt må byggast, og planarbeidet med bru over Voldsfjorden må støttast vidare.
- ✓ betre kollektivtilbodet

## Grøn og inkluderande

Volda skal ha ein ny og ambisiøs klimaplan, og natur, miljø og klima skal takast omsyn til og vektleggast i kommunal verksemd.

### Vi vil:

- ✓ prioritere klima og miljø.
- ✓ at Volda skal ha ei trygg og god eldreomsorg, og legge til rette for at eldre skal kunne bu lengst mogeleg i sin eigen heim.
- ✓ arbeide for frisklivssentralar i både Hornindal og Volda.
- ✓ seie eit klart JA til bygging av turvegen rundt Rotevatnet.
- ✓ at Volda skal vere solidariske med dei som treng hjelp
- ✓ ivareta dei funksjonshemma sine rettar.
- ✓ arbeide for likestilling og inkludering
- ✓ at Volda skal stå for openheit, vedtak skal ikkje gjerast i lukka rom.





## Trygt og godt for unge og gamle i Volda

Vi må sikre at ungane får god kvalitet i skulen. Eldre må få bu heime så lenge som råd..


### Vi vil:

- ✓ bygge ny Volda Ungdomsskule, og reise nytt symjeanlegg nær Volda Campus Arena.
- ✓ sikre at spesialundervisning alltid bli gitt av faglærde.
- ✓ ha oppdaterte dataverktøy for elevar i grunnskulen.
- ✓ legge til rette for etterutdanning av lærarar.
- ✓ ha ei god helsesystemteneste og få fleire miljøarbeidarar i skulen.
- ✓ arbeide for trygge skulevegar
- ✓ samordne og utvikle betre tenester innanfor rus og psykiatri

### Vi vil:

- ✓ legge til rette for at eldre som ynskjer det kan bu heime så lenge som råd.
- ✓ satse på kvalitet i eldreomsorga. Det skal vere trygt og godt å bu på institusjon med god pleie og sunn, velsmakande mat.
- ✓ ha ei god demens-omsorga for den som er sjuk med god informasjon til pårørande
- ✓ innføre ei prøveordning med «aktivitetsvenn» for eldre
- ✓ støtte Den kulturelle spaserstokken.
- ✓ lage ein handlingsplan retta mot fattigdom i barnefamiliar
- ✓ sikre rettane til brukarstyrt personleg assistent (BPA)

# Ungdomsskule + kulturhus



**Vi er alle utolmodige etter å få ny ungdomsskule og nytt kulturhus. Ved å bygge desse saman vil vi spare tid og få synergjar som gir meir skule og kultur for kvar krone.**

Tenk nytt når det skal byggast nytt!  
Elevar og lærarar skal få ein ny ungdomsskule. Ved sidan av skal vi som eit byggesteg 2 bygge eit nytt kulturhus .

Dette vil gi eit mangfald av nye mulegheiter.. På same måte som Operahuset på Eid kan elevar og lærarar bruke kinosal, folkebibliotek og andre delar av kulturhusdelen som ekstraordinære undervisningsrom. Nye fag kan bli utvikla.

Aktivitet frå morgon til kveld. Skule om dagen, kulturhus om kvelden

Sentral plassering i Volda på ei tomt kommunen eig..

**Bygg ny ungdomsskule SAMAN med kulturhus!**

## **Det skal ha:**

- romslege klasserom og spesialrom
- kinosal og kultursal
- eit moderne folkebibliotek
- kantine
- kort veg til Volda Campus Arena og andre fritidsaktivitetar
- nærleik til kulturskulen
- kort veg til parkering og resten av sentrum
- aktivitet frå morgon til kveld
- terrasse med god utsikt over Volda og fjorden



## **Volda skal bli ein vinnar på klima og miljø**

“Vi må erkjenne at det er ei klimakrise som krev at vi verkeleg må ta miljøomsyn i Nye Volda.

Vi må legge vekt på gode møteplassar og estetiske kvalitetar når vi skal utvikle sentrumsområda..”

Benedikte Holmberg  
3. kandidat

### **Venstre vil:**

- ✓ at Nye Volda skal få ein ny og ambisiøs klimaplan
- ✓ styrke VØR og arbeide for gode resirkuleringsordningar.
- ✓ ha fleire ladestasjonar for el-bilar
- ✓ det ved vurdering av utbygging av småkraftverk vert lagt vekt på å ivareta biologisk mangfald og verdien av naturopplevingar..

### **Venstre vil:**

- ✓ at kommunen må tenkje energisparing i nye bustadfelt, i eigne bygg og ved alle innkjøp
- ✓ at primærnæringane framleis skal vere viktige for Volda, og at kulturlandskapet vert ivareteke..
- ✓ prioritere realisering av Voldatunellen framfor ny bru ved Industrigata
- ✓ ha fleire soner med lågare fart i sentrums- og bustadområde, og ha 40 km/t-sone frå ferjekaia til Prestegata..
- ✓ vere restriktive til bygging av høghus over eksisterande mønehøgde på omliggande busetnad., og ha "grøne lunger" i sentrumsområda.
- ✓ prioritere privatpersonar ved tomtkjøp og vere restriktive med reguleringsplanar som kan forringe historiske miljø
- ✓ få vurdert utvida vernestatus for områda kring Matøskja.



## **Volda som regionalt senter**

Volda er saman med Ørsta det naturlege midtpunktet i ein spennande region. Så lenge vi er to kommunar, må Volda ta sin sjølvstendige del av å utvikle regionen.

### **Venstre vil:**

- ✓ prioritere ei god integrering av Hornindal og Bjørke i Nye Volda.
- ✓ krevje breiband utbygd i heile kommunen.
- ✓ betre kollektivtilbodet til og frå Volda sentrum, samt utbygging og oppgradering av eksisterande og nye veg- og brusamband
- ✓ at miljøperspektivet skal vere med i alle utviklingstiltak.
- ✓ at alle i kommunen skal ha tilgang til likeverdige tenester,
- ✓ utvikle reiseliv i samarbeid med reiselivsaktørar
- ✓ styrke samarbeidet mellom fylke, kommune og næringsliv for å utvikle sentrumsområda.

## **Likeverdige tenester**

“For meg er det viktig å skape gode og likeverdige tenester, og utvikle gode bu-, arbeids- og fritidsområde bygde på lokal identitet og tradisjon. Vi må fremje kulturell aktivitet, for på den måten bygger vi kjennskap og venskap med kvarandre.

Eit anna sentralt område for meg er folkehelsa - både fysisk og psykisk. Vi bugnar av flott natur i kommunen vår, og vi må motivere innbyggerane til å bruke den.

Godt merka turstiar både i nærmiljøa og for lengre turar er viktig. For dei som slit med helsa skal Frisklivssentralane hjelpe til, og slik kan brukarane kome raskt tilbake til eit aktivt liv.”

Brynhild Lund Notøy  
2. kandidat

# Venstres kandidatar i Volda.



## 1. Hallvard Bjørneset (1953)

Ordførarkandidat for Volda Venstre.  
Eks banksjef i Sparebank1 Søre Sunnmøre.  
Tidlegare varaordførar i Volda.  
Bustad : Folkestad



## 2. Brynhild Lund Notøy (1945)

Eks sosialsjef og trygdesjef i  
Hornindal kommune.  
Medlem av Hornindal  
kommunestyre.  
Bustad: Hornindal



## 3. Benedikte Holmberg (1964)

Interiørarkitekt og  
møbeldesignar.  
Medlem av Volda  
kommunestyre.  
Bustad: Volda



## 4. Idar Flo (1968)

Underviser i mediefag på  
høgskulen. Medlem av Volda  
kommunestyre. Styre-  
medlem i Volda Campus A.  
Bustad: Volda



## 5. Sindre Furland (1985)

Yrkessjåfør for VY.  
Fagleg tillitsvald, medlem av  
forbundsstyret i YTF.  
Bustad: Volda

## 6. Hjalmar Eiksund

Volda (1972)

## 7. Håkon Ragnar Hagen,

Volda 1961)

## 8. Ingrid Kristine Sylte,

Volda (1996)

## 9. Knut Nautvik,

Folkestad (1955)

## 10. Nina Lødøen Øen,

Hornindal (1973)

## 11. Hogne Kvangarsnes,

Volda (1955)

## 12. Norunn Holmøy-Wang,

Hornindal (1972)

## 13. Martin Dypvik Notøy,

Hornindal (1994)

## 14. Gunnhild Larsgård,

Folkestad (1958)

## 15. Tor Mikalsen,

Volda (1973)

## 16. Johann Roppen,

Volda (1967)

## 17. Thomas Busker Larsen,

Volda (1978)

## 18. Jose R. Pacheco Valle,

Hornindal (1976)

## 19. Reidun Heimen Heltne,

Volda (1948)

## 20. Turid Tryggestad Espe,

Hornindal (1961)

Les meir om politikken vår og kandidatane  
våre på nettsidene våre og facebook..

[venstre.no/volda](http://venstre.no/volda)



VENSTRE